leverne/levrene	leverne/levrene	levrane [levrene]	levrane [levrene]	
ligustere[r]/ligustrer	ligustere/ligustre(r)	ligustrar	ligustrar	
ligusterne/ligustrene	ligusterne/ligustrene	ligustrane	ligustrane	
lystra/lysteren	lystra/lysteren	lystra [lystri]	lystra [lystri]	
lystrer, lystrene	lystre(r), lystrene	lystrer, lystrene	lystrer, lystrene	
magistere[r]/magistrer	magistere/magistre(r)	magistrar	magistrar	
magisterne/magistrene	magisterne/magistrene	magistrane	magistrane	
manøvrer	manøvere/manøvre(r)	manøvrar	manøvrar	
manøvrene	manøverne/manøvrene	manøvrane	manøvrane	
meandrer	meandere/meandre(r)	meandrar	meandrar	
meandrene	meanderne/meandrene	meandrane	meandrane	
mestere[r]/mestrer	mestere/mestre(r)	meistrar	meistrar	
mesterne/mestrene	mesterne/mestrene	meistrane	meistrane	

ministere[r]/ministrer ministerne/ministrene	ministere/ministre(r) ministerne/ministrene	ministrar ministrane	ministrar ministrane
mora/moren mødre(r), mødrene	mora/moren mødre(r), mødrene	mora mødrer, mødrene	mora mødrer, mødrene
montere[r]/montrer monterne/montrene	montere/montré(r) monterne/montrene	montrar montrane	montrar montrane
mostra/mosteren mostre(r), mostrene	mostra/mosteren mostre(r), mostrene	mostra [mostri] mostrer, mostrene	mostra [mostri] mostrer, mostrene
muttere[r]/mutrer mutterne/mutrene	muttere/mutre(r) mutterne/mutrene	mut(te)rar mut(te)rane	mut(te)rar mut(te)rane
negere[r]/negrer negerne/negrene	negere/negre(r) negerne/negrene	negrar negrane	negrar negrane
nevra/neveren nevrer nevrene	nevra/neveren nevre(r) nevrene	nevra [nevri] nevrar [nevrer] neviane [nevrene]	nevra [nevri] nevrar [nevrer] neviane [nevrene]
oldra/olderen oldre oldrene	oldra/olderen oldre(r) oldrene	oldra [oldri]/olderen oldrer/oldrar oldrene/oldrane	oldra [oldri]/olderen oldrer/oldrar oldrene/oldrane
oleandere[r] /oleandrer oleanderne/oleandrene	oleandere/oleandre(r) oleanderne/oleandrene	oleandrar oleandrane	oleandrar oleandrane
otrer otrene	otere/otre(r) oterne/otrene	otrar otrane	otrar otrane
pantere[r]/pantrer panterne/pantrene	pantere/pantre(r) panterne/pantrene	panterar panterane	panterar panterane
patere[r]/ patrer paterne/patrene	patere/ patre(r) paterne/patrene	paterar paterane	paterar paterane
petimetere[r]/petimetrer petimeterne/petimetrene (også et petimeter)	petimetere/petimetre(r) petimeterne/petimetrene	petimet(e)rar petimet(e)rane	petimet(e)rar petimet(e)rane
pilastrer pilastrene (murforstrerkning)	pilastere/pilastre(r) pilasterne/pilastrene	pilastrar pilastrane	pilastrar pilastrane
pjoltere[r]/pjoltrer pjolterne/pjoltrene	pjoltere/pjoltre(r) pjolterne/pjoltrene	pjolterar pjolterane	pjolterar pjolterane

salamandere[r]/salamandrer salamanderne/salamandrene	salamandere/salamandre(r) salamanderne/salamandrene	salamandrar salamandrane	salamandrar salamandrane
sedrer sedrene (tre)	sedere/sedre(r) sederne/sedrene	sedrar sedrane	sedrar sedrane
seirer seirene	seiere/seire(r) seierne/seirene	sigrar sigrane	sigrar sigrane
setra [seteren] setrer setrene	setra/seteren setre(r) setrene	setra [setri] setrar [setrer] setrane [setrene]	setra [setri] setrar [setrer] setrane [setrene]
sidrer sidrene	sidere/sidre(r) siderne/sidrene	sidrar sidrane	sidrar sidrane
sjangere[r]/sjangler sjangerne/sjangrene	sjangere/sjangre(r) sjangerne/sjangrene	sjangrar sjangrane	sjangrar sjangrane
skifere[r]/skifrer skiferne/skifrene	skifere/skifre(r) skiferne/skifrene	skif(e)rar skif(e)rane	skif(e)rar skif(e)rane
skolopendere[r]/skolopendrer skolopenderne/skolopendrene	skolopendere/skolopendre(r) skolopenderne/skolopendrene	skolopendar skolopendrane	skolopendar skolopendrane
skuldra/skulderen skuldrer, skuldrene	skuldra/skulderen skuldre(r), skuldrene	skuldra [skuldri] skuldrer, skuldrene	skuldra [skuldri] skuldrer, skuldrene
slentrer, slentrene (oter, dial.)	slentre(r), slentrene		
somrer somrene	sommere/somre(r) sommerne/somrene	somrar somrane	somrar somrane
spikrer spikrene	spikere/spikre(r) spikerne/spikrene	spikrar spikrane	spikrar spikrane
svabere[r]/svabrer svaberne/svabrene	svabere/svubre(r) svaberne/svabrene	svaberar svaberane	svaberar svaberane
sylindere[r]/sylindrer sylinderne/sylindrene	sylindere/sylindre(r) sylinderne/sylindrene	sylindrar sylindrane	sylindrar sylindrane
søstera/søsteren søstre(r), østrenere	søstera/søsteren søstre(r), østrenere	systera [systeri] systrar, systrane	systera [systeri] systrar, systrane
tautrer, tautrene	tautre(r), tautrene	tautrar, tautrane	tautrar, tautrane

(sau fra Tautra)

tigere[r]/tigrer tigerne/tigrene	tigere/tigre(r) tigerne/tigrene	tigrar tigrane	tigrar tigrane
ulstrer ulstrene	ulstere/ulstre(r) ulsterne/ulstrene	ulstrar ulstrane	ulstrar ulstrane
vaiere[r]/vairer vaierne/vairene	vaiere/vaire(r) vaierne/vairene	vaierar vaierane	vaierar vaierane
vedrer vedrene (vedder = rambukk)	veddere/vedre(r) vedderne/vedrene		
vintrer vintrene	vintere/vintre(r) vinterne/vintrene	vintrar vintrane	vintrar vintrane
åkrer åkrene	åkere/åkre(r) åkerne/åkrene	åkrar åkrane	åkrar åkrane
åndra/ånderen åndrer åndrene (ski)	åndra/ånderen åndre(r) åndrene	ondra [ondri] ondrar [ondrer] ondrane [ondrene]	ondra [ondri] ondrar [ondrer] ondrane [ondrene]

1.4 Reviderte vedtak 2003: Bøyning av framord på -a, -on, -um og -us (3.3.1.1.5, 3.2.2.2.4)

I brevet av 5.12.2000 bad Kulturdepartementet om ei systematisert jamførande oppstilling for bokmål og nynorsk på visse punkt med status før og etter dei nye vedtaka.

Med dei 2003-vedtaka som no ligg føre (2000-vedtaka + seinare justeringar og tillegg), blir bøyninga som vist nedanfor for dei orda det gjeld.

(NUF viser til dokumentet av 30.10.02: *Nynorskrettskrivinga. Utgreiing om og framlegg til revisjon av rettskrivinga i nynorsk.* – Utgreiinga er ikkje i samsvar med dei endelige vedtaka på alle punkta, men ho er nyttig som orienteringsgrunnlag.)

1.4.1 Oversikt over vedtaka på rådsmøtet 13.–14.2.03

1.4.1.1 Inkjekjønnsord på -a (NUF s. 121 og 176)

Allment vedtak *nynorsk*:

Orda på trykklett -a får obligatorisk tillegg av -a i bunden form fleirtal med [-i] som sideform.
Ingen endringar i *bokmål*.

Systema:

	<u>Bokmål</u>		<u>Nynorsk</u>
1996	2003	1996	2003
skjemaet	skjemaet	skjemaet	skjemaet
skjema(er)	skjema(er)	skjema	skjema
skjemaene	skjemaene	skjema(a) [skjemai]	skjemaa [skjemai]

NUF s. 121: Desse orda skal gå som **skjema**: *delta, diafragma, dilemma, fatamorgana, forma, kamera, klima, komma, kopula, mantra, panorama, paragima, promemoria, skisma, stigma, trema, zeugma*.

1.4.1.2 Hokjønnsord på -a (NUF s. 121 og 176)

Allment vedtak *nynorsk*:

Orda på trykklett -a får obligatorisk tillegg av -a i bunden form eintal med [-i] som sideform.
Ingen endringar i *bokmål*.

Systema:

	<u>Bokmål</u>		<u>Nynorsk</u>
1996	2003	1996	2003
divaen	divaen	diva(a) [divai]	divaa [divai]
divaer	divaer	divaer	divaer
divaene	divaene	divaene	divaene

NUF s. 122: Desse orda skal gå som **diva**: *ballerina, belladonna, dadda, donna, eva, geisha, madonna, mamma, saga*.

1.4.1.3 Hankjønnsord på -a (NUF s. 56 og 172):

Allment vedtak *nynorsk*:

Ord på trykklett -a får -er, -ene i fleirtal med [-ar, -ane] som sideformer.
Ingen endringar i *bokmål*.

Systema:

	<u>Bokmål</u>		<u>Nynorsk</u>
1996	2003	1996	2003
sofaen	sofaen	sofaen	sofaen
sofaer	sofaer	sofaer [sofaar]	sofaer [sofaar]
sofaene	sofaene	sofaene [sofaane]	sofaene [sofaane]

1.4.1.4 Inkjekjønnsord på *-on* og *-um* (ikkje *-eum* og *-ium*) (NUF s. 119 og 176)

Nynorsk

Allment vedtak: Ord på *-on* og *-um* får berre vanleg norsk bøyning. (Hovudgruppa)

System 2003: *falsum – falsumet – falsum – falsuma [falsumi]*

Unntaksgruppe 1: Orda *datum*, *faktum*, *forum*, *kvantum* får valfritt latinbasert eller rein norsk bøyning i fleirtal.

System 2003: *forum – forumet – forum/fora – foruma [forumi] el. foraa [forai]*

Unntaksgruppe 2: Ord på *-kon/-kum* får same bøyning som i unntaksgruppe 1.

System 2003:

leksikon – leksikonet – leksikon/leksika – leksikona [leksikoni] el. leksikaa [leksikai]

Enkeltord: forma *arboretum* blir teken ut av rettskrivinga, *arboret* blir ståande som eineform.

Bokmål

Ikkje noko allment vedtak.

Vedtak for ordgrupper:

Gruppe 1 får berre vanleg norsk bøyning. Det gjeld desse orda: *aktivum* (ikkje rekneskapsordet), *depositum*, *diktum*, *falsum*, *fluidum*, *futurum*, *maksimum*, *memorandum*, *metrum*, *minimum*, *multiplum*, *optimum*, *plenum*, *postskriptum*, *preteritum*, *referendum*, *responsum*, *ultimatum*.

System 2003: *falsum – falsumet – falsum(er) – falsuma/falsumene*

Gruppe 2 får valfritt norsk eller latinbasert bøyning i ubunde og bunde fleirtal. Det gjeld desse orda: *forum*, *pensum*, *peritektikum*, *serum*, *visum*, *votum*

System 2003: *forum – forumet – forum(er)/fora – foruma/forumene/foraene*

Gruppe 3 får obligatorisk bortfall av *-um* i ubunde og bunde fleirtal. Det gjeld desse orda: *arkanum*, *femininum*, *imperfektum*, *interregnūm*, *maskulinum*, *nøytrum*, *perfektum*, *pluskvamperfektum*, *supinum*.

System 2003: *femininum – femininumet – femininer – feminina/femininene*

Gruppe 4 får valfritt bortfall av *-um* i bunde eintal og obligatorisk bortfall av *-um* i ubunde og bunde fleirtal. Det gjeld orda *sentrum* og *spektrum* (ordet *monstrum* har slik bøyning frå før).

System 2003: *sentrum – centr(um)et – sentre – sentra/sentrene*

Enkeltord: *arboretum*, *omentum*, *verbum* blir tekne ut av rettskrivinga; *arboret*, *oment*, *verb* blir stående som eineformer.

1.4.1.5 Inkjekjønnsord på *-eum* og *-ium* (NUF s. 120)

Allment vedtak *nynorsk*:

Ord på *-eum* og *-ium* skal ha same bøyning som før i bunde eintal og i fleirtal.

Kortformene *jubilé*, *mausolé*, *musé* fell bort i ubunde eintal.

Kortformene *apogé*, *lycé*, *perigé*, *propylé* blir sideformer i ubunde eintal.

Formene *mycelium*, *scenarium* og *spermium* blir tekne ut av rettskrivinga.

Allment vedtak *bokmål*: Der blir inga endring i böyinga av ord som følgjer mønsteret for *herbarium*.

Kortformene *apogé*, *jubilé*, *mausolé*, *musé*, *perigé*, *propylé* blir tekne ut.

Formene *adverbium*, *glossarium*, *gymnasium*, *mycelium*, *scenarium*, *spermium*, *stipendum* blir tekne ut av rettskrivinga.

Ordet *tedeum* får justert böyinga i ubunde fleirtal (*tedeum* > *tedeum(er)*).

Systema:

	<u>Bokmål</u>		<u>Nynorsk</u>
1996	2003	1996	2003
apogé/apogeum	apogeum	apogé/apogeum	apogeum [apogé]
apoge(um)et	apogeet	apogeet	apogeet
		apogeum	apogeum
		apogea [apogei]	apogea [apogei]
museum/musé	museum	museum/musé	museum
museet	museet	museet	museet
museer	museer	museum/musé	museum
musea/museene	musea/museene	musea [musei]	musea [musei]
kriterium	kriterium	kriterium	kriterium
kriteriet	kriteriet	kriteriet	kriteriet
kriterier	kriterier	kriterium	kriterium
kriteria/kriteriene	kriteria/kriteriene	kriteria [kriterii]	kriteria [kriterii]

Grunnstoffnamna:

vanadium	vanadium	vanadium	vanadium
vanadiumet	vanadiumet	vanadiumet	vanadiumet

1.4.1.6 Hankjønnsord på *-ium* (NUF s. 122 og 176)

Vedtak *nynorsk*: Ord på *-ium* får obligatorisk fullform i heile böyinga. Det gjeld orda *geranium*, *kaprifolium*.

Fellesvedtak: Forma *pelargonium* blir teken ut, *pelargonia* blir eineform.

Systema:

	<u>Bokmål</u>		<u>Nynorsk</u>
1996	2003	1996	2003
geranium	geranium	geranium	geranium
gerani(um)en	gerani(um)en	gerani(um)en	geraniumen
geranier	geranier	gerani(um)ar	geraniumar
geraniene	geraniene	gerani(um)ane	geraniumane
kaprifolium	kaprifolium	kaprifolium	kaprifolium
kaprifoli(um)en	kaprifoli(um)en	kaprifol(i)en	kaprifoliumen

kaprifolier	kaprifolier	kaprifoliar	kaprifoliumar
kaprifoliene	kaprifoliene	kaprifoliane	kaprifoliumane

1.4.1.7 Hankjønnsord på *-ius* (NUF s. 122 og 176)

Vedtak *nynorsk*: Ord på *-ius* får obligatorisk fullform i heile bøyninga. Det gjeld orda *auksjonarius*, *genius*, *justitiarius*, *nuntius*, *radius*.

Vedtak *bokmål*: Der blir valfritt bortfall av *-us* i dei orda der der no er obligatorisk bortfall. Ordet *genius* får obligatorisk fullform også i fleirtal.

Systema:

<u>Bokmål</u>		<u>Nynorsk</u>	
1996	2003	1996	2003
justitiarius	justitiarius	justitiarius	justitiarius
justitiarien	justitiari(us)en	justitiarien	justitiariusen
justitiarier	justitiari(us)er	justitiariar	justitiariusar
justitiariene	justitiari(us)ene	justitiariane	justitiariusane
radius	radius	radius	radius
radi(us)en	radi(us)en	radi(us)en	radiusen
radier	radi(us)er	radi(us)ar	radiusar
radiene	radi(us)ene	radi(us)ane	radiusane

1.4.1.8 Inkjekjønnsord på *-us* (NUF s. 120 og 176)

Allment vedtak *nynorsk*: Uregelrett bøyning av inkjekjønnsord på trykklett *-us* går ut. Ikke noko vedtak i *bokmål*.

Systema:

<u>Bokmål</u>		<u>Nynorsk</u>	
1996	2003	1996	2003
genus	genus	genus	genus
genuset/genusen	genuset/genusen	genuset	genuset
genus/genera	genus/genera	genus/genera	genus
genusa/genusene el. generaene	genusa/genusene el. generaene	genusa [genusi] el. genera(a)	genusa [genusi] el. genera(a)

1.4.2 Alfabetiske lister

1.4.2.1 Inkjekjønnsord på *-a*

<u>Bokmål</u>		<u>Nynorsk</u>	
1996	2003	1996	2003
delta	delta	delta	delta
deltaet	deltaet	deltaet	deltaet
delta(er)	delta(er)	delta	delta
deltaene	deltaene	delta(a) [deltai]	deltaa [deltai]

Ordet *delta* er gjeve som døme. Andre inkjekjønnsord med utgang på *-a* følgjer det same mønsteret.

1.4.2.2 Hokjønnsord på *-a*

diva	diva	diva	diva
divaen	divaen	diva(a) [divai]	divaa [divai]
divaer	divaer	divaer	divaer
divaene	divaene	divaene	divaene

Ordet *diva* er gjeve som døme. Andre hokjønnsord med utgang på *-a* følgjer det same mønsteret.

1.4.2.3 Hankjønnsord på *-a*

amfora	amfora	amfora	amfora
amforaen	amforaen	amforaen	amforaen
amforaer	amforaer	amforaer [amforaar]	amforaer [amforaar]
amforaene	amforaene	amforaene [amforaane]	amforaene [amforaane]

Ordet *amfora* er gjeve som døme. Andre hankjønnsord med utgang på *-a* følgjer det same mønsteret.

1.4.2.4 Inkjekjønnsord på *-on* og *-um*

Lista har med dei orda (bokmål og/eller nynorsk) som er nemnde i 2000-framlegga og NUF. Nokre få andre er også tekne med.

Bokmål		Nynorsk	
<i>Inndeling etter grupperinga i nynorsk (dei orda som berre får vanleg norsk bøyning)</i>			
I oppføringa her er sideformene på <i>[-i]</i> i bunde fleirtal i nynorsk ikkje tekne med, korkje dei gamle eller dei nye. Om ein byter ut endinga <i>-a</i> i 2003-formene med <i>-i</i> , får ein dei sideformene som blir gjeldande no, t.d. <i>falsuma > [falsumi]</i> .			
1996	2003	1996	2003
addendum	addendum	addendum	addendum
addendumet	addendumet	addendumet	addendumet
addenda	addenda	addendum/addenda	addendum
addendaene	addendaene	addenduma/addenda(a)	addenduma
aktivum	aktivum	aktivum	aktivum
(ikkje rekneskapsordet)			
aktivumet	aktivumet	aktivumet	aktivumet
aktivumer/aktiva	aktivum(er)	aktivum/aktiva	aktiva
aktivuma/-ene	aktivuma/aktivumene	aktivum	aktivuma
el. aktivaene			
annuum	annuum	annuum	annuum
annuumet	annuumet	annuumet	annuumet

annua	annua	annuum/annua	annuum
annuaene	annuaene	annuma/annua(a)	annuma
arboret el.	arboret	arboret el.	arboret
arboretum		arboretum	
arkanum	arkanum		arkanum
arkanumet	arkanumet		arkanumet
arkana/arkaner	arkaner		arkanum
arkanaene/arkanene	arkanene		arkanuma
depositum	depositum	depositum	depositum
depositumet	depositumet	depositumet	depositumet
depositumer/deposita	depositum(er)	depositum/deposita	depositum
depositumene/depositaene	deposituma/-ene	deposituma/deposita(a)	deposituma
dictum	diktum		diktum
dictumet	diktumet		diktumet
dictumer/dicta	diktum(er)		diktum
dictumene/dictaene	diktuma/diktumene		diktuma
falsum	falsum	falsum	falsum
falsumet	falsumet	falsumet	falsumet
falsumer/falsa	falsum(er)	falsum/falsa	falsum
falsuma/falsumene/	falsumene	falsuma/falsa(a)	falsuma
el. falsaene			
femininum	femininum	femininum	femininum
feminin(um)et	femininumet	feminin(um)et	femininumet
feminina/femininer	femininer	femininum/feminina	femininum
feminina(ene) el.	femininene	femininuma/feminina(a)	femininuma
femininene			
fluidum	fluidum	fluidum	fluidum
fluidumet	fluidumet	fluidumet	fluidumet
fluidumer/fluida	fluidum(er)	fluidum/fluida	fluidum
fluiduma/-ene el.	fluiduma/fluidumene	fluiduma/fluida(a)	fluiduma
fluidaene			
futurum	futurum	futurum	futurum
futurumet	futurumet	futurumet	futurumet
futurumer/futura	futurum(er)	futurum/futura	futurum
futuruma/-ene	futuruma/futurumene	futuruma/futura(a)	futuruma
el. futuraene			
imperfektum	imperfektum	imperfektum	imperfektum
imperfektumet	imperfektumet	imperfektumet	imperfektumet
imperfekta/imperfekter	imperfekter	imperfektum/imperfekta	imperfektum
imperfekta(ene)	imperfekta/imperfektene	imperfektuma el.	imperfektuma
el. imperfektene		imperfekta(a)	

infimum	infimum	infimum	infimum
infimumet	infimumet	infimumet	infimumet
infima	infima	infima	infima
infimaene	infimaene	infimaene	infimaene
interregnum	interregnum	interregnum	interregnum
interregn(um)et	interregnumet	interregn(um)et	interregnumet
interregna/interregner	interregner	interregnum/interregna	interregnum
interregna(ene)	interregnene	interregnuma/interregna(a)	interregnuma
el. interregnene			
kontinuum	kontinuum	kontinuum	kontinuum
kontinuumet	kontinuumet	kontinuumet	kontinuumet
kontinua	kontinua	kontinuum/kontinua	kontinuum
kontinuaene	kontinuaene	kontinuum/a/kontinua(a)	kontinuum/a
kuriosum	kuriosum	kuriosum	kuriosum
kuriosumet	kuriosumet	kuriosumet	kuriosumet
kuriosa	kuriosa	kuriosum/kuriosa	kuriosum
kuriosaene	kuriosaene	kuriosuma/kuriosa(a)	kuriosuma
maksimum	maksimum	maksimum	maksimum
maksimumet	maksimumet	maksimumet	maksimumet
maksimumer/maksima	maksimum(er)	maksimum/maksima	maksimum
maksimuma/-ene/	maksimuma/-ene	maksimuma/maksima(a)	maksimuma
el. maksimaene			
maskulinum	maskulinum	maskulinum	maskulinum
maskulin(um)et	maskulinet	maskulin(um)et	maskulinumet
maskulina/maskuliner	maskuliner	maskulinum/maskulina	maskulinum
maskulina(ene)	maskulinene	maskulinuma/maskulina(a)	maskulinuma
el. maskulinene			
memorandum	memorandum	memorandum	memorandum
memorandumet	memorandumet	memorandumet	memorandumet
memorandumer/memoranda	memorandum(er)	memorandum/memoranda	memorandum
memoranduma/-ene	memoranduma/-ene	memoranduma/memoranda(a)	memoranduma
el. memorandaene			
metrum	metrum	metrum	metrum
metr(um)et	metrumet	metr(um)et	metrumet
metrer/metra	metrum(er)	metrum/metra	metrum
meta(ene)/metrene	metruma/-ene	metruma/metra(a)	metruma
minimum	minimum	minimum	minimum
minmumet	minmumet	minmumet	minmumet
minmumer/minima	minimum(er)	minimum/minima	minimum
minmuma/-ene	minmuma/-ene	minmuma/minima(a)	minmuma

el. minimaene

monstrum	monstrum	monstrum	monstrum
monstr(um)et	monstr(um)et	monstr(um)et	monstrumet
monstre	monstre	monstrum	monstrum
monstra/monstrene	monstra/monstrene	monstruma	monstruma
multiplum	multiplum	multiplum	multiplum
multiplumet	multiplumet	multiplumet	multiplumet
multiplumer/multipla	multiplum(er)	multiplum/multipla	multiplum
multipluma/-ene	multipluma/-ene	multipluma/multipla(a)	multipluma
el. multiplaene			
nøytrum	nøytrum	nøytrum	nøytrum
nøytr(um)et	nøytrumet	nøytrumet	nøytrumet
nøytra/nøytrer	nøytrer	nøytrum/nøytra	nøytrum
nøytra(ene)/nøytrene	nøytrene	nøytruma/nøytra(a)	nøytruma
oment el. omentum (fold av bukhinna)	oment		
optimum	optimum	optimum	optimum
optimumet	optimumet	optimumet	optimumet
optimer/optima	optimum(er)	optimum/optima	optimum
optima/-ene	optima/-ene	optima/optima(a)	optima
el. optimaene			
pensum	pensum	pensum	pensum
pensumet	pensumet	pensumet	pensumet
pensumer/pensa	pensum(er)/pensa	pensum/pensa	pensum
pensuma/-ene	pensuma/-ene	pensuma/pensa(a)	pensuma
el. pensaene	el. pensaene		
perfektum	perfektum	perfektum	perfektum
perfektumet	perfektumet	perfektumet	perfektumet
perfekta/perfekter	perfekter	perfektum/perfekta	perfektum
perfekta(ene)	perfektene	perfektuma/perfekta(a)	perfektuma
el. perfektene			
plenum	plenum	plenum	plenum
plenumet	plenumet	plenumet	plenumet
plena	plenum(er)	plenum/plena	plenum
plenaene	plenuma/plenumene	plenuma/plena(a)	plenuma
pluskvamperfektum	pluskvamperfektum	pluskvamperfektum	pluskvamperfektum
pluskvamperfektumet	pluskvamperfektumet	pluskvamperfektumet	pluskvamperfektumet
pluskvamperfekta	pluskvamperfekter	pluskvamperfektum/-fekta	pluskvamperfektum
el. pluskvamperfekter			
pluskvamperfekta(ene)	pluskvamperfektene	pluskvamperfektuma/	pluskvamperfektuma

el. pluskvamperfektene		el. pluskvamperfekta(a)	
postskriptum postskriptumet postskriptumer el. postskripta postskriptuma/-ene/ el. postskriptaene	postskriptum postskriptumet postskriptum(er)	postskriptum postskriptumet postskriptum/postskripta	postskriptum postskriptumet postskriptum
preteritum preteritumet preteritumer/preterita preteritura/-ene el. preteritaene	preteritum preteritumet preteritum(er) preteritura/-ene	preteritum preteritumet preteritum/preterita preteritura/preterita(a)	preteritum preteritumet preteritum preteritura
referendum referendumet referendumer/referenda referenduma/-ene/ el. referendaene	referendum referendumet referendum(er) referenduma/-ene	referendum referendumet referendum/referenda referenduma/referenda(a)	referendum referendumet referendum referenduma
residuum residuet residua residuaene	residuum residuet residua residuaene	residuum residuumet residuum/residua residuum/residua(a)	residuum residuumet residuum residuumma
responsum responsumet responsumer/responsa responsuma/-ene/ el. responsaene	responsum responsumet responsum(er) responsuma/-ene	responsum responsumet responsum/responsa responsuma/responsa(a)	responsum responsumet responsum responsuma
sentrum sentr(um)et sentra/sentre sentra/sentrene el. sentraene	sentrum sentr(um)et sentre sentra/sentrene	sentrum sentr(um)et sentrum/sentra sentruma/sentra(a)	sentrum sentrumet sentrum sentrumma
serum serumet serumer/sera seruma/-ene/seraene	serum serumet serum(er)/sera seruma/-ene/seraene	serum serumet serum/sera seruma/sera(a)	serum serumet serum seruma
spektrum spektr(um)et spektra/spektre spektra/spektrene el. spektraene	spektrum spektr(um)et spektre spektra/spektrene	spektrum spektr(um)et spektrum/spektra spektruma/spektra(a)	spektrum spektrumet spektrum spektruma

stratum	stratum	stratum	stratum
stratumet	stratumet	stratumet	stratumet
strata	strata	stratum/strata	stratum
strataene	strataene	strata/strata(a)	strata
supinum	supinum	supinum	supinum
supinumet	supinumet	supinumet	supinumet
supina/supiner	supiner	supinum/supina	supinum
supina/supinene	supinene	supinuma/supina	supinuma
el. supinaene		(a)	
ultimatum	ultimatum	ultimatum	ultimatum
ultimatumet	ultimatumet	ultimatumet	ultimatumet
ultimatumer/ultimata	ultimatum(er)	ultimatum/ultimata	ultimatum
ultimatuma/-ene/	ultimatuma/-ene	ultimatuma/ultimata	ultimatuma
el. ultimataene		(a)	
visum	visum	visum	visum
visumet	visumet	visumet	visumet
visumer/visa	visum(er)/visa	visum/visa	visum
visuma/-ene/visaene	visuma/-ene/visaene	visuma/visa	visuma
votum	votum	votum	votum
votumet	votumet	votumet	votumet
vota	votum(er)/vota	votum/vota	votum
votaene	votuma/-ene/votaene	votuma/vota	votuma
		(a)	

Unntaksgruppene i nynorsk (ord med valfritt bortfall av -on/-um i fleirtal)

akrostikon	akrostikon	akrostikon	akrostikon
akrostikonet	akrostikonet	akrostikonet	akrostikonet
akrostika	akrostika	akrostikon/akrostika	akrostikon/akrostika
akrostikaene	akrostikaene	akrostikona/akrostika	akrostikona
		(a)	el. akrostikaa
antibiotikum	antibiotikum	antibiotikum	antibiotikum
antibiotikumet	antibiotikumet	antibiotikumet	antibiotikumet
antibiotika	antibiotika	antibiotikum/antibiotika	antibiotikum/antibiotika
antibiotikaene	antibiotikaene	antibiotukuma/antibiotika	antibiotukuma
		(a)	el. antibiotikaa
antipyretikum	antipyretikum		antipyretikum
antipyretikumet	antipyretikumet		antipyretikumet
antipyretika	antipyretika		antipyretikum/antipyretika
antipyretikaene	antipyretikaene		antipyretikuma/antipyretikaa
antiseptikum	antiseptikum	antiseptikum	antiseptikum
antiseptikumet	antiseptikumet	antiseptikumet	antiseptikumet
antiseptika	antiseptika	antiseptikum/antiseptika	antiseptikum/antiseptika
antiseptikaene	antiseptikaene	antiseptukuma/antiseptika	antiseptukuma
		(a)	

el. antiseptikaa

ataraksikum ataraksikumet ataraksika ataraksikaene	ataraksikum ataraksikumet ataraksika ataraksikaene		ataraksikum ataraksikumet ataraksikum/ataraksika ataraksikuma/ataraksikaa
cytostatikum cytostatikumet cytostatika cytostatikaene	cytostatikum cytostatikumet cytostatika cytostatikaene	cytostatikum cytostatikumet cytostatikum/cytostatika cytostatikuma/cytostatika(a)	cytostatikum cytostatikumet cytostatikum/cytostatika cytostatikuma el. cytostatikaa
datum datumen/datumet data dataene	datum datumen/datumet data dataene	datum datumen/datumet datum/data datuma/data(a)	datum datumen/datumet datum/data datuma/dataa
diuretikum diuretikumet diureтика diureтикаene	diuretikum diuretikumet diureтика diureтикаene	diuretikum diuretikumet diuretikum/diureтика diuretikuma/diureтика(a)	diuretikum diuretikumet diuretikum/diureтика diuretikuma/diuretikaa
enklitikon enklitikonet enklitika enklitikaene	enklitikon enklitikonet enklitika enklitikaene		enklitikon enklitikonet enklitikon/enklitika enklitikona/enklitikaa
enklitikum enklitikumet enklitika enklitikaene	enklitikum enklitikumet enklitika enklitikaene		enklitikum enklitikum enklitikum/enklitika enklitikuma/enklitikaa
faktum faktumet fakta faktaene	faktum faktumet fakta faktaene	faktum faktumet faktum/fakta faktuma/fakta(a)	faktum faktumet faktum/fakta faktuma/faktaa
forum forumet forumer/fora foruma/-ene/foraene	forum forumet forum(er)/fora foruma/-ene/foraene	forum forumet forum/fora foruma/fora(a)	forum forumet forum/fora foruma/foraa/
karakteristikon karakteristikonet karakteristika karakteristikaene	karakteristikon karakteristikonet karakteristika karakteristikaene	karakteristikon karakteristikonet karakteristikon/...ka karakteristikona/...ka(a)	karakteristikon karakteristikonet karakteristikon/...ka karakteristikona

el. karakteristikaa

karakteristikum karakteristikumet karakteristika karakteristaene	karakteristikum karakteristikumet karakteristika karakteristaene	karakteristikum karakteristikumet karakteristikum/...ka karakteristikuma/...ka(a)	karakteristikum karakteristikumet karakteristikum/...ka karakteristikuma el. karakteristika
kosmetikum kosmetikumet kosmetika kosmetikaene	kosmetikum kosmetikumet kosmetika kosmetikaene	kosmetikum kosmetikumet kosmetikum/kosmetika kosmetikuma/kosmetika(a)	kosmetikum kosmetikumet kosmetikum/kosmetika kosmetikuma/kosmetika el. kosmetikaa
kvantum kvantumet kvanta kvantaene	kvantum kvantumet kvanta kvantaene	kvantum kvantumet kvantum/kvanta kvantuma/kvanta(a)	kvantum kvantumet kvantum/kvanta kvantuma/kvantaa
leksikon leksikonet leksikon(er)/leksika lekiskona/-ene el. leksikaene	leksikon leksikonet leksikon(er)/leksika lekiskona/-ene el. leksikaene	leksikon leksikonet leksikon/leksika leksikona/leksika(a)	leksikon leksikonet leksikon/leksika leksikona/leksika el. leksikaa
metronymikon metronymikonet metronymika metronymikaene	metronymikon metronymikonet metronymika metronymikaene	metronymikon metronymikonet metronymikon/...ka metronymikona el. metronymika(a)	metronymikon metronymikonet metronymikon/...ka metronymikona el. metronymikaa
narkotikum narkotikumet narkotika narkotikaene	narkotikum narkotikumet narkotika narkotikaene	narkotikum narkotikumet narkotikum/narkotika narkotikuma/narkotika(a)	narkotikum narkotikumet narkotikum/narkotika narkotikuma el. narkotikaa
onomatopoetikon onomatopoetikonet onomatopoetika onomatopoetikaene	onomatopoetikon onomatopoetikonet onomatopetika onomatopoetikaene	onomatopoetikon onomatopoetikonet onomatopoetikon/...ka onomatopoetikona/..ka(a)	onomatopetikon onomatopoetikonet onomatopoetikon/...ka onomatopoetikona el. onomatopoetikaa
onomatopoetikum onomatopoetikumet onomatopoetika onomatopoetikaene	onomatopoetikum onomatopoetikumet onomatopoetika onomatopoetikaene	onomatopoetikum onomatopoetikumet onomatopoetikum/..ka onomatopoetikaene onomatopoetikuma/..ka(a)	onomatopoetikum onomatopoetikumet onomatopoetikum/..ka onomatopoetikuma el. onomatopoetikaa

patronymikon	patronymikon	patronymikon	patronymikon
patronymikonet	patronymikonet	patronymikonet	patronymikonet
patronymika	patronymika	patronymikon/...ka	patronymikon/...ka
patronymikaene	patronymikaene	patronymikona	patronymikona
		el. patronymika(a)	el. patronymikaa
peritektikum	peritektikum		peritektikum
peritektikumet	peritektikumet		peritektikumet
peritektikumer/..ka	peritektikum(er)/peritektika		peritektikum/peritektika
peritektikuma/-ene	peritektikuma /-ene/ peritektikaene		peritektikuma/ peritektika
el. peritektikaene			aa

Rekneskapsorda aktivum og passivum (mest brukte i fleirtal):

aktivum	aktivum	aktivum	aktivum
aktivumet	aktivumet	aktivumet	aktivumet
aktiva/aktiver	aktiva/aktiver	aktivum/aktiva	aktivum/aktiva
aktiv(a)ene	aktiv(a)ene	aktivuma/aktiv(a)	aktivuma/aktivaa
passivum	passivum	passivum	passivum
passivumet	passivumet	passivumet	passivumet
passivumer	passiva/passiver	passivum/passiva	passivum/passiva
el. passiva/passiver			
passiv(a)ene	passiv(a)ene	passivuma/passiva(a)	passivuma/passivaa

1.4.2.5 Inkjekjønnsord på *-eum*

Bokmål		Nynorsk	
1996	2003	1996	2003
apogé/apogeum	apogeum	apogé/apogeum	apogeum [apogé]
apoge(um)et	apogeet	apoge(um)et	apogeet
		apogé/apogeum	apogeum [apogé]
		apogea [apogei]	apogea [apogei]
ateneum	ateneum	ateneum	ateneum
ateneumet	ateneumet	ateneumet	ateneumet
ateneum(er)	ateneum(er)	ateneum	ateneum
ateneuma/-ene	ateneuma/-ene	ateneuma [ateneumi]	ateneuma [ateneumi]
jubilé/jubileum	jubileum	jubilé/jubileum	jubileum
jubileet	jubileet	jubileet	jubileet
jubile(er)	jubileer	jubilé/jubileum	jubileum
jubilea/jubileeene	jubilea/jubileeene	jubilea [jubilei]	jubilea [jubilei]
lycé/lyceum	lycé/lyceum	lycé/lyceum	lyceum [lycé]
lyceet	lyceet	lyceet	lyceet
lyce(er)	lyceer	lycé/lyceum	lyceum [lycé]

lycea/lyceene	lycea/lyceene	lycea [lycei]	lycea [lycei]
mausolé/mausoleum	mausoleum	mausolé/mausoleum	mausoleum
mausoleet	mausoleet	mausoleet	mausoleet
mausole(er)	mausoleer	mausolé/mausoleum	mausoleum
mausolea/-leene	mausolea/-leene	mausolea [mausolei]	mausolea [mausolei]
musé/museum	museum	musé/museum	museum
museet	museet	museet	museet
muse(er)	museer	musé/museum	museum
musea/museene	musea/museene	musea [musei]	musea [musei]
perigé/perigeum	perigeum	perigé/perigeum	perigeum [perigé]
perige(um)et	perigeet	perige(um)et	perigeet
		perigé/perigeum	perigeum [perigé]
		perigea [perigei]	perigea [perigei]
propylé/propyleum	propyleum	propylé/propyleum	propyleum [propylé]
propyleet	propyleet	propyleet	propyleet
propyle(er)	propyleer	propylé/propyleum	propyleum [propylé]
propylea/propyleene	propylea/propyleene	propylea [propylei]	propylea [propylei]
tedeum	tedeum	tedeum	tedeum
tedeumet	tedeumet	tedeumet	tedeumet
tedeum	tedeum(er)	tedeum	tedeum
tedeuma/tedeumene	tedeuma/tedeumene	tedeuma	tedeuma/tedeumi

(Inkjekjønnsord på *-ium*: ingen endringar)

1.4.2.6 Hankjønnsord på *-ium*

Sjå oversynet i 1.4.1.6.

1.4.2.7 Hankjønnsord på *-ius*

	Bokmål		Nynorsk
1996	2003	1996	2003
argentarius	argentarius		argentarius
argentariusen	argentariusen		argentariusen
argentarier	argentari(us)er		argentariusar
argentariene	argentari(us)ene		argentariusane
auksjonarius	auksjonarius	auksjonarius	auksjonarius
auksjonariusen	auksjonariusen	auksjonariusen	auksjonariusen
auksjonarier	auksjonari(us)er	auksjonari(us)ar	auksjonariusar
auksjonariene	auksjonari(us)ene	auksjonari(us)ane	auksjonariusane

confessionarius	confessionarius		confessionarius
confessionariusen	confessionariuse		confessionariusen
confessionarier	confessionari(us)er		confessionariusar
confessionariene	confessionari(us)e		confessionariusane
genius	genius	genius	genius
geniusen	geniuse	geniuse	geniuse
genier	geniuse	geniar	geniusr
geniene	geniuse	geniane	geniusane
justitiarius	justitiarius	justitiarius	justitiarius
justitiarien	justitiari(us)e	justitiarien	justitiariuse
justitiarier	justitiar(us)er	justitiariar	justitiariusar
justitiariene	justitiari(us)e	justitiariane	justitiariusane
konfessionarius	konfessionarius		konfessionarius
konfessionariusen	konfessionariuse		konfessionariusen
konfessionarier	konfessionari(us)er		konfessionariusar
konfessionariene	konfessionari(us)e		konfessionariusane
nonius	nonius		nonius
noniusen	noniuse		noniuse
noni(us)er	noni(us)er		noniusr
noni(us)e	noni(us)e		noniusane
nuntius	nuntius	nuntius	nuntius
nunti(us)e	nunti(us)e	nuntiuse	nuntiuse
nuntier	nunti(us)er	nuntiusr	nuntiusr
nuntiene	nunti(us)e	nuntiusane	nuntiusane
ordinarius	ordinarius		ordinarius
ordinariusen	ordinariuse		ordinariuse
ordinarier	ordinari(us)er		ordinariusar
ordinariene	ordinari(us)e		ordinariusane
pamfilius	pamfilius	pamfilius	pamfilius
pamfiliusen	pamfiliuse	pamfiliuse	pamfiliuse
pamfiliuser	pamfiliuse	pamfiliusr	pamfiliusr
pamfiliusene	pamfiliuse	pamfiliusane	pamfiliusane
pønitentiarius	pønitentiarius		pønitentiarius
pønitentiariuse	pønitentiariuse		pønitentiariuse
pønitentiarier	pønitentiari(us)er		pønitentiariusar
pønitentiariene	pønitentiari(us)e		pønitentiariusane
radius	radius	radius	radius
radi(us)e	radi(us)e	radi(us)e	radiuse

radier	radi(us)er	radi(us)ar	radiusar
radiene	radi(us)ene	radi(us)ane	radiusane
rosiflengius	rosiflengius		rosiflengius
rosiflengiusen	rosiflengiusen		rosiflengiusen
rosiflengiuser	rosiflengiuser		rosiflengiuser
rosiflengiusene	rosiflengiusene		rosiflengiusane
stradivarius	stradivarius	stradivarius	stradivarius
stradivariusen	stradivariusen	stradivariusen	stradivariusen
stradivariuser	stradivariuser	stradivariuser	stradivariuser
stradivariusene	stradivariusene	stradivariusane	stradivariusane
umulius	umulius		umulius
umuliusen	umuliusen		umuliusen
umuliuser	umuliuser		umuliuser
umuliusene	umuliusene		umuliusane

1.4.2.8 Inkjekjønnsord på *-us*

Bokmål		Nynorsk	
1996	2003	1996	2003
genus	genus	genus	genus
genuset/genusen	genuset/genusen	genuset	genuset
genus/genera	genus/genera	genus/genera	genus
genusa/genusene	genusa/genusene	genusa [genusi]	genusa [genusi]
el. generaene		el. genera(a) [generai]	
tempus	tempus	tempus	tempus
tempuset	tempuset	tempuset	tempuset
tempus/tempora	tempus/tempora	tempus/tempora	tempus
tempusa/tempusene/ temporaene	tempusa/tempusene/ temporaene	tempusa [tempusi] el. tempora(a) [temporai]	tempusa [tempusi]

2 Vedtak for nynorsk. Vedtak frå 2000, reviderte i 2003 (3.3)

2.1 Bøyning (3.3.1)

2.1.1 Substantiv (3.3.1.1)

2.1.1.1 Genus (3.3.1.1.1)

2.1.1.1.1 Genus i substantiv på *-ing/-ning*:

Det er vedteke allmenne reglar for ordgruppa. I punkta d) og e) er det nokre endringar for nokre enkeltord:

- a) Suffiksa *-ing* og *-ning* er i prinsippet hokjønnssuffiks.
- b) Verbalsubstantiv med *-(n)ing* er hokjønnsord utan unntak (f.eks. *utbygging*, *forvalt(n)ing*).
- c) Nemningar for personar og dyr på *-(n)ing* er hankjønnsord (f.eks. *sørlending*, *villstyring*, *flyktning*, *slektning*) unntake når det biologiske kjønet tilseier hokjønn (f.eks. *dronning*, *kjerring*).
- d) Desse orda med suffikset *-ning* skal vere valfritt hokjønns- eller hankjønnsord:
anretning, *binding* (ski-), *bygning*, *festning*, *fletning* (flettverk), *forlegning* (militær-),
frysning, *gjødning*, *halvning* (halvpart), *kledning*, *klovning* (kløyvd stokk), *kokning* (porsjon
kokt på ein gong), *krusning*, *krysning*, *ladning*, *leidning*, *legning*, *linning*, *lysning* (i
skogen), *løysning* (oppløyst stoff), *munning*, *pakning*, *pasning*, *rivning*, *sikring* (elektrisk),
spenning (vidjering), *steikning*, *stikning*.
(Før: festning var hokjønnsord, bygning, fletning, forlegning, frysning, gjødning, halvning,
kledning, klovning, kokning, krusning, ladning, leidning, lysning, munning, rivning,
spenning, steikning, stikning var hankjønnsord)
- e) Desse orda er hankjønnsord: *allmenning*, *botning* (blindtarm el. fjerde magen på dyr),
doning (kjøretøy), *dønning*, *grunning* (grunne), *honning*, *klining* (brød el. lefse), *-kroning*
(f.eks. femkroning), *penning*, *presenning*, *renning* (rotskot), *terning*, *tinning*, *våning*,
-øring (f.eks. femøring).
(Endring berre for *doning*, som var valfritt hokjønn eller hankjønn)

2.1.1.1.2 Genus i to enkeltord

bise (pyntesaum) Genus blir endra frå hankjønn til hokjønn.

trast/trost Genus blir endra frå valfritt hokjønn/hankjønn til berre hankjønn.

2.1.1.2 Enkeltord med valfri bøyning i fleirtal (3.3.1.1.2)

Desse substantiva får redusert valfridom i fleirtal slik:

mann – mannen – menn [menner] – mennene (før: fl. menn/menner – mennene)
feil – feilen – feil [feilar] – feila [feilane] (før: fl. feil/feilar – feila/feilane)

sko – skoen – skor [sko] – skorne [skoa/skoi] (før: fl. sko/skor – skorne/sko [skoi])

vom – vomma [vommi] – vommer [vemmer] – vommene [vemmene] (før: fl. vommer/vemmer – vommene/vemmene)

mus – musa [musi] – mus [myser] – musene [mysene] (før: fl. mus/myser – musene/mysene)
lus – lusa [lusi] – lus [lyser] – lusene [lysene] (før: fl. lus/lyser – lusene/lysene)
mil – mila [mili] – mil – milene (før: fl. mil/miler – milene)

møbel – møbelet – møblar [møbel] – møblane [møbla/møbli]
(før: møb(e)let – møblar/møbel – møblane/møbla [møbli])

2.1.1.3 Tre enkeltord (3.3.1.1.3)

Orda *auge*, *hjarte* og *øyre* får denne bøyinga:

auge [auga] – auget [augaa] – auge [augo] – auga [augo]
(før: auge – auget – auge – auga el. auga – auga – augo – augo)

hjarte [hjarta el. hjerte] – hjartet [hjarta el. hjertet] – hjarte [hjarto el. hjerte] – hjarta [hjarto el. hjerta]
(før: hjarte [hjerte] – hjartet [hjertet] – hjarte [hjerte] – hjarta [hjerta] el. hjarta – hjarta – hjarto – hjarto)

øyre [øre el. øyra] – øyret [øret el. øyra] – øyre [øre el. øyro] – øyra [øra el. øyro]
(før: øyre [øre] – øyret [øret] – øyre [øre] – øyra [øra] el. øyra – øyra – øyro – øyro)

2.1.1.4 Folkenamn og innbyggjarnemningar på -ar – bøying og ending (3.3.1.1.4)

Folkenamn på -ar skal bøyast regelrett i fleirtal, også dei som før hadde valfri form utan ending i ubestemt form fleirtal, f.eks. *ein anglar – anglaren – fleire anglarar – anglarane* (før: *ein anglar – fleire anglar/anglarar – anglane/anglarane*).

Det blir endring for orda *anglar*, *baglar*, *dorar*, *fønikar*, *jonar*, *kimbrar*, *normannar*, *punar*, *skytar*.

Innbyggjarnemningar som før hadde valfri ending (-ar) i ubestemt form eintal, f.eks. *ein afghan(ar)*, får endinga obligatorisk, og bøyinga blir dermed *ein afghanar – afghanaren – afghanarar – afghanarane*. Det gjeld desse orda: *afghanar*, *afrikanar*, *albanar*, *andorranar*, *angolanar*, *antiguunar*, *bahamanar*, *biafranar*, *bolivianar*, *botswananar*, *bulgarar*, *chilenar*, *colombianar/kolombianar*, *costaricanar/kostarikanar*, *cubanar/kubanar*, *dominikanar*, *ekvatorialguineeanar*, *fijianar*, *guatemalanar*, *guineeanar*, *hellenar*, *honduranar*, *ivorianar*, *jamaicanar/jamaikanar*, *kambodsjanar*, *kenyanar*, *koreanar*, *maldivar*, *mallorcanar/mallorkanar*, *marokkanar*, *meksikanar/mexicanar*, *monegaskar*, *nicaraguanar*, *nordafrikanar*, *(nord)koreanar*, *panamanar*, *papuanar*, *paraguayanar*, *peruanar*, *portugisar*, *puertoricanar/puertorikanar*, *rumenar*, *salvadoranar*, *samoanar*, *sentralafrikanar*, *slavar*,

slovenar, sørafrikanar, (sør)koreanar, texanar/teksanar, tibetanar, tonganar, turkmenar, tyrkar, ungarar, uruguayanar, venezuelanar

2.1.2 Verb (3.3.1.2)

2.1.2.1 Presens av sterke verb (3.3.1.2.1)

Klammeforma på *-er* går ut, slik at presensforma blir f.eks. *bit*, *kjem*
(før: *bit [biter]*, *kjem [kjemer]*)

2.1.2.2 Supinum av sterke verb (3.3.1.2.2)

Endinga på *-i* blir redusert til klammeform, f.eks. *har lese [lesi]*
(før: *valfritt lese/lesi*)

Perfektum partisipp av sterke verb får dette bøyingsmønsteret:
skriven – skriven [skrivi] – skrive [skrivi] – skrivne

(før: *skriven/skrivi* i hokjønn og *skrive/skrivi* i inkjekjønn)
(Jf. elles 2.1.3.2)

2.1.2.3 Verb med kort og lang form i infinitiv og valfri sterk og svak bøyning i nokre former (3.3.1.2.3)

Ei gruppe på fem verb får denne bøyingen:

gli [glide], glir [glid], glei(d), glide [glidi/glidd/glidt]
(før: *gli(de)*, *glir/glid*, *glei(d)*, *glide/glidi/glidd*). Gjeld også: *li(de)*, *ri(de)*, *skri(de)*, *svi(de)*.

Ei gruppe på fire verb får denne bøyingen:

gni [gnide], gnir [gnid], gneid [gnidde], gnide [gnidi/gnidd/gnidt]
(før: *gni(de)*, *gnir/gnid*, *gnei(d)*, *gnide/gnidi* el. *gni(de)r*, *gnidde*, *gnidd/gnidt*).
Gjeld også: *skli(de)*, *stri(de)*, *vri(de)*.

Desse enkeltverba får endra bøyning:

be [bede], ber [bed], bad, bede [bedi/bedd/bedt]
(før: *be/bede*, *ber/bed*, *bad*, *bede/bedi/bedd/bedt*)

by [byde], byr [byd], baud, bode [bodi/bydd/bydt]
(før: *by(de) [bjode]*, *byr/byd*, *baud*, *bode/bodi* el. *by(de)r*, *bydde*, *bydd/bydt*)

dra [drage], dreg [drar], drog, drege [dregi/dradd/dratt]
(før: el. *drage*, *dreg*, *drog*, *drege/dregi*)

flyge [fly], flyg [flyr], flaug, floge [flogi]
(før: *fly(ge)*, *flyr/flyg*, *flaug*, *floge/flogi*)

flø, flør, flødde, flødd/fløtt
(før: *flø -r*, *flødde*, *flødd/fløtt* el. *fløe -ar, -a, -a*) (floleggje)

fri, frir, fridde, fridd/fritt
(før: *fri*, *frir*, *-dde*, *-dd/-tt* el. *frie -ar, -a, -a*)

gi, gir, gav, gitt el. *gje[ve], gjev, gav, gjeve [gjevi]*
 (før: gi, gir, gav, gitt el. gje(ve), gjev, gav, gjeve/gjevi)

ha [have], har, hadde, hatt (før: ha(ve), har [hev], hadde, hatt)
 (Jf. 2.1.2.4)

la [late], lèt [lar], lét, late [lati/latt]
 (før: la, lèt [lar], lét, late/lati [latt] (som hjelpeverb) el. late, lét, late/lati la vere)

skru, skrur, skrudde, skrudd/skrutt el. *skruve -ar, -ar, -a*
 (før: skru el. skrue -ar/skru(e)r, -a/skrudde, -a/skrutt el. skruve -ar, -a, -a)

strø, strør, strødde, strødd/strøtt [strøye, strøyer, strøydde, strøydd/strøytt]
 (før: strø el. strøye, strør/strøyer, -dde, -dd/-tt)

ta [take], tek [tar], tok, teke [teki/tatt]
 (før: ta(ke), tek [tar], tok, teke/teki [tatt])

tre, trer, tredde, tredd/trett
 (før: tre(de), trer/tred, tro(d), trede/tredi el. tre(de)r, tredde, tredd/tredt)

2.1.2.4 Andre verb med endra bøyning (3.3.1.2.4)

Desse verba får endring i preteritumsformene:

seie – sa (før: sa/sagde)
leggje – la (før: la/lagde)

bestemme – bestemte (før: bestemde/bestemte)
lime – limte (før: limde/limte)

tole – tolte [tolde] (før: tolde/tolte)

gå – gjekk (før: gjekk [gikk])

Andre enkeltverb som får endra bøyning:

ha [have] – har – hadde – hatt (før: ha(ve) – har [hev] – hadde – hatt)
 (Vedtak brevsak mai 2003)

få – får – fekk – fått (før: få – får [fær] – fekk [fikk] – fått [fenge/fengi])
 (Vedtak brevsak mai 2003)

henge [hange] – heng – hang [hekk] – hange [hangi]
 (før: hange/henge – heng [henger] – hang/hekk – hange/hangi)

måtte – må – måtte – måtta [mått] (før: supinum mått/måtta)

slå – slår – slo – slått/slege [slegi] (før: slå – slår [slær] – slo – slege/slegi el. slått)

(Vedtak brevsak mai 2003)

slåst [slåss] – slåst [slåss/slæss/slæst] – stlost [sloss] – slåst/slegest [slåss/sleges/slegist/slegis]

(før desse supinumsformene: slegest/slegist/slåst [sleges/slegis/slåss])

stå, står, stod, stått (før preteritum stod [sto])

trå, trår, trådde, trådd/trått (før: trå, trår [trær], trådde/tro(d), trådd/trått/trede/tredi)

2.1.2.5 Supinum og inkjekjønnsforma av perfektum partisipp (3.3.1.2.5)

Verb med -de i preteritum skal ha berre -t i supinum og inkjekjønnsforma av perfektum partisipp. Klammeforma på -d fell bort. Unntak er verba på -dde, -gde og -vde etter vokal, som framleis skal ha valfritt -d/-t.

Døme:

har kjent, det er kjent (før: har kjent [kjend], det er kjent [kjend])

har bygd/bygt, det er bygd/bygt (som før)

2.1.2.6 Samsvarbøyning av perfektum partisipp (3.3.1.2.6)

Sterke partisipp

For sterke partisipp er regelen alltid at dei skal bøyast i kjønn og tal etter hjelpeverba *vere*, *verte* og *bli* i samsvar med det ordet dei står til.

Døme:

attributiv stilling predikativ stilling

ein skoten hjort	han/ho er skoten
skote vilt	det er skote
skotne dyr	dei er skotne

Denne regelen gjeld i heile rettskrivinga inkludert hovudnormalen (før: læreboknormalen). (Før kunne ein i rettskrivinga utanfor læreboknormalen bruke ubøygd partisipp i predikativ stilling.)

Svake partisipp

For perfektum partisipp av svake verb (og for svake partisipp av sterke verb) er regelen i hovudnormalen som for dei sterke partisippa at dei skal bøyast i kjønn og tal etter hjelpeverba *vere*, *verte* og *bli* i samsvar med det ordet dei står til. I rettskrivinga utanfor hovudnormalen, dvs. som klammeform, kan ein sløyfe samsvarbøyninga i predikativ stilling (som før, ein kunne då bruke ubøygd form av berre svake partisipp eller av alle verb; før kunne ein også sløyfe bøyning etter kjønn i attributiv stilling).

Døme på regelen med samsvarbøyning (hovudnormalen):

attributiv stilling predikativ stilling

ei kjend sak	han/ho er kjend
eit kjent spørsmål	det er kjent

kjende personar	dei er kjende
ein reparert bil,	
eit reparert hus	han/ho/det er reparert
reparerte hus	dei er reparerte

Merk at når ein bruker verbformer på *-t*, anten dei er hovudformer som over eller klammeformer, er det ikkje mogleg å bøye etter kjønn.

Døme med ubøygde *klammeformer* i predikativ stilling:

han/ho/den/det er kjent, han/ho/det/dei er reparert

Den ubøygde partisippforma av svake verb er no alltid den same som den ein har i inkjekjønn av partisippet og i supinum, jf. pkt. 2.1.2.5 over. Før var regelen at den ubøygde partisippforma og supinum slutta på *-d* når preteritum slutta på *-de* (med få unntak), og på *-t* når preteritum slutta på *-te* (f.eks. *kjende* – [det er kjend], [*kjente*] – *det er kjent*). Denne regelen om at ein skal bruke den same konsonanten, dvs. ha dentalutjamning (jf. Årsmelding 1986 pkt. 2.2.3 pkt. 7 a), fell bort no.

Uekte partisipp

Desse reglane for bøyning av perfektum partisipp gjeld også uekte partisipp, dvs. samansetningar med partisippformer som *uskriven*, *velkjend* (før kunne uekte partisipp valfritt stå med eller utan samsvarbøyning i predikativ stilling dersom ein elles brukte klammeformene utan samsvarbøyning i predikativ stilling).

2.1.2.7 Refleksivformer (Nytt jf. 2000-vedtaka)

Sideforma på *[-s]* av refleksive verb går ut av rettskrivinga. (Vedtak brevsak mai 2003):

å finnast – finst – fanst – funnest [funnist]

(før: å finnast [finnas] – finst [fins] – fanst [fans] – funnest [funnes]) / funnist [funnis])

2.1.3 Adjektiv og adverb (3.3.1.3)

2.1.3.1 Komparativ og superlativ av visse stadadverb (3.3.1.3.1)

(Vedtak brevsak mai 2003)

attre – attarst (før: attare/attre – attarst/attast)

bakre – bakarst (før: bakare/bakre – bakarst/bakast)

bortre – bortast (før: bortare/bortre – bortast)

hitre – hitast (før: hitare/hitre)

indre – inst (før: innarst/inst)

nordre – nördst (før: nordre/nördre)

søre – synst (før: syndre/søre)

undre – undst (før: underst/undst)

ytre – ytst (før: ytst/yttarst)

2.1.3.2 Adjektiv på *-en* (3.3.1.3.2)

Adjektiv på *-en* skal følgje dette mønsteret:

open – open [opi] – ope [opi el. opent] – opne

(før: ope/opi [opent] i inkjekjønn)
 (Jf. elles 2.1.2.2)

liten og *eigen* skal bøyast som før

2.1.3.3 Adjektiv på **-et, -ete, -ut** (3.3.1.3.3)

Adjektiv med desse suffiksa skal følge dette mønsteret:

steinete [*steinut*] (før: steinet(e) el. steinut)

2.1.4 Pronomen (3.3.1.4)

Desse pronomena blir endra slik:

han [*honom*] (objektsform) (før: han/honom)

henne [*ho*] (objektsform) (før: ho/henne)

deira (før: deira [deires])

annan (før: annan [annen])

sjølv – sjølve (fleirtal) (før: sjølv – sjølv(e))

2.2 Avleiling (3.3.2)

2.2.1 Suffikset **-a(n)-** i samansetningar (3.3.2.1)

I ord som *bortanfor*, *hitanfor*, *innanfor*, *nedanfor*, *ovanför* og *utanför* blir desse formene hovudformer, formene med **-a-** blir klammeformer: [*bortafor*] osb.
 (før: jamstilte hovudformer bortafor/bortanför osb.).

I ord med kompassretningane *norda(n)-*, *söwnna(n)-*, *austa(n)-* og *vesta(n)-* skal fordelinga som no er av **-a-** og **-an-**, stå ved lag.

2.3 Rettskriving (3.3.3)

2.3.1 Konsonantisme (3.3.3.1)

2.3.1.1 Dobbel eller enkel konsonant (3.3.3.1.1)

mm/m

Mange ord og bøyingsformer som no har jamstilte hovudformer, skal ha **-mm-** som hovudform og **-m-** som klammeform. Det gjeld desse orda:

bramme [*brame*] v. (sjå godt ut, skryte; før: bram(m)e)

brudgom, brudgommen [*brudgomen*] (før: brudgom(m)en)

hammar [*hamar*] (før: ham(m)ar)

homme [*home*] (få til å rygge; før: hom(m)e)

kimming [*kiming*] (synsrand; før: kim(m)ing)

lem, lemmen [*lemen*] (gjeld øg medlem; før: lem(m)en)

lemme [*leme*] (partere; før: lem(m)e)

lom, lommen [lomen] (fugl; før: lom(m)en)
sømme [søme] (før: som(m)e)

n

tenar (hardved; før: tinar)

tt/t

let (farge; før: let(t))

gg/g

nag (agg, hat; før: nag(g))

pp/p

nupereller (før: nup(p)ereller)
pappa (før: pap(p)a)

dd/d

nudel (før: nud(d)el)

2.3.1.2 Annan konsonantvariasjon (3.3.3.1.2)

Form med eller utan d

mod (trøytt; før: mo(d))
speidar (før: speiar/speidar)
speide (før: speie/speide)

Form med eller utan g

bleig (kile; før: blei(g))
dryge (før: drye/dryge)
muge [mue] (dunge; før: mue/muge)
truge [true] (før: true/truge)
trugsel [trussel] (før: trugsel/trussel)

Form med d eller t

flid [flit] (hus-; før: flid/flit)
mot [mod] n. (før: mod/mot)
mote [mode] (m- seg opp; før: mode/mote)
radt adv. (før: radt [ratt])
sludd [slut] (-bye; før: sludd/slut)
tidt adv. (før: tidt/titt)

2.3.2 Vokalveksling (3.3.3.2)

2.3.2.1 Diftong eller monoftong (3.3.3.2.1)

ei – i

greve (før: greve [greive])
grevinne (før: grevinne [greivinne])
peike (før: peike [peke])

2.3.2.2 Anna vokalveksling (3.3.3.2.2)

a – e

aftan (før: eftan/aftan)
framand [fremmend] (før: framand/fremmend)
henge [hange] (før: hange/henge) (Jf. bøyning i 2.1.2.4.)
harsk (før: harsk/hersk)
kvalp/kvelp (før: kvalp/kvelp [valp])
lating (lat person; før: lating/leting)
laken (før: laken [lakan])

a – o

haldning [holdning] (før: haldning/holdning)
hank [honk] f. (nøkkel-; før: hank/honk)
harr [horr] (fisk; før: harr/horr)
maske [moske] f./m. (før: maske/moske)

a – æ

arr [ær] (merke etter sår; før: arr/ær)
stær [star] (augesjukdom; før: star/stær)

e – i

fete [fite] (før: fete/fite)
sigle [segle] (før: segle/sigle)
siv [sev] (før: sev/siv)

e – æ

samkvem [samkvæme] (før: samkvem/samkvæme)

i – y

birkje [birke] (bjørkesevje; før: også bjørkje [bjørke] og byrkje [byrke])

jo – y, jo – ju

lyd [ljod] (før: ljod/lyd)
